

Bygdabladet

for BOKN



Re-start – s. 4



Skyssbåtteneste – s. 7



Nyopning – s. 8



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Rogfast

Den 13. mars la regjeringa fram Stortingsmeldinga om Nasjonal Transportplan 2010-2019. Rogaland kom godt ut av det og fekk med mange viktige samferdselseprosjekt. Det viktigaste for Bokn sin del var likevel at Rogaland fastland-samband, Rogfast, var eit av dei prioriterte prosjekta i løpet av planperioden.

Etter ein langvarig økonomisk vekst, der Rogaland har vore den regionen med sterkast vekst, har Rogfast vokst seg fram til å bli eit samfunnsøkonomisk godt prosjekt, eit prosjekt med høg nytte – kost faktor. Dette, saman med eit målretta arbeid med dei andre vestlandsfylka, har nå gitt resultat. For

Bokn vil ei vegutløysing med ein undersjøisk tunnel til nordjæren, kanskje vera av ei like stor betydning som den gang me blei landfast. Men effektane av Rogfast vil, både trur

og håpar eg, bli mykje større enn i 1991. Trendene i det statistiske materialet Bokn kommune brukar som sitt grunnlag i samfunnsplanlegginga, er generelt positive. Folketalsauke, sysselsetjingvekst, auka trafikk gjennom kommunen og ein styrka tilgang til viktige arbeidsmarknader i både nord og sør tyder på at framtidsutsiktene er gode.



Rogfastkommunane, med samferdselsjef Gunnar Eiterjord og fylkesordførar Tom Tvedt, samla på Fylkeshuset for markering av at realiseringa av Rogfast er sikra.

i desse dagar kor me er i gang med rullering av kommuneplanen i Bokn.

Utfordringa vår er å harmonera våre visjonar med det realistiske framtidsbiletet, og på det grunnlaget ta dei rette avgjerdene. Det vil bli ein krevande, men spennande jobb. **(Sjå også s. 22 - red.anm.)**

Tannlege

Overtannlege Eivind Hauge i Tannhelse Rogaland FKF, Nord-Rogaland, opplyste til meg før påske at stenginga av tannlegekontoret på Boknatun berre var midlertidig, og grunnen var svangerskapspermisjon hjå fleire av tannlegane.

Tannlegekontoret er nå oppe og går att, og opningstidene er kvar måndag kl. 08-15, førebels fram til august. Det vil vera



www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

BYGDABLADNEMND

Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

GJELDANDE ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 625,-
Halvsida	kr. 375,-
Kvartside	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 62,-
Fastann./fargeann.	etter avtale

tannpleiar på Boknatun også kvar onsdag fram til sommaren.

I august kjem den faste tannlegen tilbake frå permisjon. Det er usikkert om det då blir endringar på opningsdagen. Utanom opningstida ved Boknatun, kan ein for andre henvendingar ta kontakt med tannklinikken i Tysvær, m.a. ved akutte tilfelle.

Overtannlege Hauge kunne også fortelja at det for tida er god tilgang på tannlegar på Haugalandet, men at det var tilfeldige omstende som førte til at ein var nøydd for å stenga tannlegekontoret i Bokn.

Kjekt på Bokn

Den 22. mars blei re-start av prosjektet "Kjekt på Bokn" markert ved fleire arrangement i kommunen, m.a. tur til Boknafjellet og vårkonsert på skulen. Til tross for det ustabile været, var det eit godt oppmøte både av turgåarar og på konserten.

Dei tre arbeidsgruppene i Kjekt på Bokn har vore aktive sidan nyttår. Alle gruppene har hatt fleire møter der ein m.a. har plukka ut ulike tiltak, store og små, som ein konkret skal jobba vidare med.

Eg har opplevd eit stort engasjement i alle gruppene, og dette er ein avgjerande faktor for at dette prosjektet, som er forankra i Bokn sin kommuneplan, skal vera levande og kunne bære frukter.

Prosjektet har eit langsiktig perspektiv med eit overordna mål om å gjera Bokn til ein stadig kjekkare plass å bu, og å få endå fleire til å flytta her. Eg opplever at både gruppemedlemmene, politikarar og andre boknarar har teke denne visjonen på alvor, fyrst og fremst gjennom dei positive tilbakemeldingane me har fått, men også gjennom det utruleg flotte engasjementet som er vist i dei tiltaka som er gjennomført.

Eg vil oppmoda alle boknarar til å kome med innspel til nye tiltak, engasjera seg i gjennomføringa av nye tiltak og elles, på ein positiv måte, støtta opp om dette viktige småsamfunnsprosjekt. Med dette som grunnlag trur eg me langt på veg skal kunne nå målsettinga i visjonen vår for Bokn. **(Sjå også s. 4 - red.anm.)**

Ordføraren

Kjære lesar!

Årets andre utgåve av Bygdabladet har strokke seg over lang tid, og inneheld stoff frå både februar, mars, april - til og med årets 17. mai-program.

Ein del lesarar av bokn.no fekk i mars informasjon om at stort arbeidspress og sjukemeldingar ligg til grunn for dette.

Forskyvinga skal ikkje medføra reduksjon i antal utgjevingar i 2009. Årgangen vil som vanleg innehalda 10 blad, og planen er å utgi eit juli-nummer, noko som ikkje er vanleg.

Mykje av informasjonspubliseringa i kommunen, både på papir og internett er knytta til ein person, og det vil også periodevis bli liten aktivitet i midtfeltet på bokn.no denne våren.

- redaktøren -

Det store forsidebildet: Årets konfirmantar, sjå også s. 13 - foto: Jardar Havikbotn



Pensjonerer seg

Jardar Havikbotn

Ingunn Sunde (62) blir pensjonist etter nærmare 30 år ved Bokn trygdekontor.

Ho byrja som 1. sekretær i 75%-stilling i september 1979. Då var trygdekontoret i "Gamle banken", med Harald Bokneberg som trygdesjef. Seinare overtok Ingolf Kro denne stillinga, og var med på flyttinga til Boknatun i 1987.

I mars 1992 blei Ingunn sjølv trygdesjef i full stilling, etter to år som fungerande sjef for trygdekontoret.

Ho gjekk på handelsskule etter framhaldsskulen og har m.a. treårig bakgrunn som rekneskapsfører og medarbeidar i butikk på Nærbø på Jæren før ho kom til Bokn.

Krevande, lærerikt og spennande

Ingunn innrømmer å ha ei litt rar og spesiell kjensle medan ho ryddar på kontoret i den siste arbeidsveka hennar på Boknatun. Dama frå Nærbø(?) tenker tilbake på alle åra i statleg teneste, frå då dei førte alt inn i store rekneskapsbøker i 1979, via innføringa av datamaskinar med ulik programvare og eksperimentering, prøving og feiling, effektivisering, reformar til NAV-kontor.

Fru Sunde synest det er veldig kjekt at ho har klart å fylgja i utviklinga heile tida.

- Eg har hatt 29 fine år, både i trygde-etaten og NAV, og eg kjem til å sjå tilbake på denne tida med glede, seier ho, og legg til at det både har vore krevande, lærerikt og spennande på ein gong.

I eit langt arbeidsliv har den kommande pensjonisten vore med på store forandringar ved kontoret. Effektiviseringa byrja for alvor i 1997 då dei fekk saksbehandling for andre trygdekontor i Nord-Rogaland. Regionssamarbeidet førte til at dei blei godt kjende med



Ingunn Sunde på siste arbeidsdag fredag 27. februar.

andre kontor.

NAV (Arbeids- og velferdsforvaltningen)

Hausten 2006 blei dei fyrste NAV-kontora i landet etablert. Det var også på den tida dei starta med å seia "NAV Bokn Trygd" då dei tok telefonen. Og for eit år sidan blei det "NAV Bokn Arbeid og Trygd. I juni dette året skal heile NAV-reformen vera innført i Bokn, når sosialkontoret også blir ein del av det heile, og dei som ringer til kontoret vil bli møtt med "NAV Bokn"

Ingunn fortel at intensjonen med NAV er å gi brukaren eit betre tilbud. Arbeids- og velferdsforvaltningen skal vera ein samlande kontaktstad slik at det berre blir ein plass å henvenda seg til.

Innbyggjarane i Bokn skal få tilgang til tenestene til arbeids- og velferdsetaten gjennom NAV-kontoret i Bokn. Kontoret skal også dekkja kommunen sitt ansvar for økonomiske sosialhjelp samt råd og rettleiing etter sosialtenesteloven.

Den kontorstolen Ingunn forlet fredag 27. februar blir tatt over av Unn Amundsen Mustaparta måndag 2. mars.

Ho ynskjer den nye NAV-leiaren lykke til med den nye stillinga og etableringa av NAV-kontoret i Bokn.

Bygdabladet vil takka Ingunn Sunde for mangeårig innsats ved trygdekontoret i kommunen, og ynskjer henne mange gode år som pensjonist!



Re-start arrangement for "Kjekt på Bokn"

Elisabet Taraldlien



Sundag 22. mars var så vidt blitt nokre timar gamal, då himmelens sluser fant det for godt å opne seg på vid vegg.

- Vel, tenkte eg, og så i dag, når me ska opp på fjedle.... Ja, ja, det blir nok ikkje mongen sjelene så vil gå opp då....



Full buss.

Det skulle vise seg at boknarane gav meir eller mindre "skjortå" i kva ver det var denne dagen, for bussen som skulle frakte folk opp til Vaulen, var så full at nokon måtte stå! Og vel oppe på Vaulen, sto våge meg ein skokk med folk og venta!

Regnet hadde trekt seg tilbake, det var berre nokre truande skyer i horisonten (les: Tysvær, Karmøy), så turgleda spreidde seg og vårglade smil kunne ein sjå hjå alle! Eg skal ikkje skrøyte på meg at eg spratt opp bakkane, men opp kom alle mann, og dei som trong det, fekk kjøre med Kyrre Lindanger til topps.



Det kan vere slitsamt å klatre til fjells.

Omvising og felespel

Norkring hadde opna dørene til bygget sitt, og Halvard Sivertsen, regionsansvarlig Region Vest, gav omvising i dei forskjellige romma. Det var spennande å høyre om kva som eigentleg skjer inni bygningen på Boknafjellet. Me fekk sjå kor signala kjem inn, og kor dei blir sende ut. Det var mykje avansert teknisk, så eg lar beskrivinga bli med det!



Vérskilte i Bokn sin favør.



Sigmund m/fela.

Sigmund Grønstad hadde tatt fela si med til topps, og aldri har slike tonar fløte ut i frå toppen av Bokn sitt tak! Ei sjeldan og utruleg kjekk oppleving! Vi fekk høyre både brumarsj og reinlender. Det var jamvel deltakarar som uttrykte at - No fekk eg verkeleg lyst til å dansa!



Søstrene Gina og Ellen pluss Venevil.



Turfolk og andre ventar i spenning.

Full gymsal

Så bar det, bokstaveleg alt, i nedoverbakke med dei om lag 120 nøgde turgåarane- både store og små, som hadde tatt turen opp til fjells. Vårkonsert på skulen, utdeling av kart, kompass og refleksvest til alle ungane samt kaffi og kaker sto på menyen. Svært mange ville få dette arrangementet med seg, så det vart trengt om plassen i gymsalen. Om lag 250 personar deltok.

Korps, piano og feler

Skulekorpset, under stø leining av Grete Yrke, starta vårkonserten. Eg blei sær imponert, korpsmedlemma spelte utruleg bra! Ein stor honnør til dei, og til dirigenten, som har reist, frå Danmark der ho går på skule – til Noreg, kvar helg i eit halvt år, for å øve med korpset. Ein får berre bøye seg i støvet for ein slik innsats! Tusen takk!

Så fekk musikkskuleelevane visa ferdigheitene sine: **Jørgen Nilsen, Gina**

G. Johannesen, Ellen G. Johannesen, Ida Havikbotn, Julie Bokneberg, Simen Havikbotn og Faltin Våge. Igjen blei eg imponert. For nokre flinke elevar. Både lærar Venevil Birkelund og foreldre må vere særstolte! Kjempeflott innsats!

Sigmund Grønnestad var ikkje ferdig med å spele han, og nå fekk han selskap av barnebarnet sitt, **Tommy**



Kjellesvik (bildet). Hadde dette vore for 100 år sidan, ville nok desse to gutane hatt mange spelejobbar rundt i distriktet! Kanskje noko å tenkje på! Dei var "sulande" gode, og dette har ein ikkje vondt av å høyre meir av! Denne gongen spela dei "Per Spelemann" og "Tir N`a Noir".

Med solistar

Bokn brass/Rustne Horn spelte som siste musikarar ut. Volumet pressa nok eit par centimeter til på takhøgda, og det var utruleg flott å høyre på! Med seg hadde dei deira eigen solist, **Svend Egil Håvardsen**, og i tillegg **Sissel Eikeskog**. Rett før pause, song dei Tir N`a Noir. Ein vakker song som blei vakkert framført, eg blei rørt, og trur eg hadde mange med meg.



Sissel Eikeskog og Svend Egil Håvardsen. I midten Annstein Vik på slagverk.

Representantar frå korpset hadde bakt flotte kaker, vi hadde henta inn rykande ferske bollar frå Naturbakst i Haugesund og kaffi og saft vart servert til stor glede for alle. Dei av borna som hadde vore med på turen til Boknafjellet var nok ekstra glade for dette innslaget, dei var svoltne etter ein strabasiøs tur.

Pakkar

Eit stykke ut i matpausen fekk ungane



Foto: JH

utdelt kvar sin "pakke" (bildet) som inneheldt refleksvest, kart og kompass. Det blei delt ut heile 70 pakkar! Ungar er som ungar flest- også i Bokn. Og ungar er forvitne og ynskjer helst å utforska nye ting – straks!!

Av den grunn hadde ein alliert seg med representantar frå orienteringsgruppa hjå Haugesund Idrettslag. Dei stilte med Erik Engløkk, Ole Andreas Fagerland og Inger Kallevik Håvik. I tillegg bidrog Øyvinn Askeland frå Hardanger i orienteringsinnslaget.

Totalt 14 born fekk ei kort innføring i bruk av kart og kompass – og fekk prøvd seg både i teori og praksis. Engløkk og Fagerland hadde lagt ut ei tilpassa løype og borna vart delte inn i 4 grupper kor alle gruppene fullførte runden rundt denne løypa. Så gjenstår det å sjå om ein har klart å inspirere nokre av borna til å fortsetje med orientering.

Globus

Alle deltakarane til turen på Boknafjellet, hadde skrive namnet sitt på ei lis-

te. Lista var grunnlaget for ei trekning på ein globus. Globusen vart sponsa av Tore Øvrebø og "Ambassadør". Anne Lisabeth Jøsang vart den heldige vinnar, gratulerer så mykje!

Nokre valde å ta slitne born og trøytt bein med seg heim, og vi får berre takke for frammøtet! Super innsats!

Fantastisk punktum

Det var ein godbit igjen, Bokn Brass / Rustne Horn og den eminente solisten

deira, **Svend Egil Håvardsen**, spelte og song **Anthem frå musikalen Chess**. Dermed sette dei eit fantastisk punktum for ein svært vellukka dag og eit mangfaldig arrangement!

Ordførar Kyrre Lindanger, konferansier for dagen, takka alle for frammøte, og Odd Grønnestad hjalp til med utdeling av påskeliljer til **Jardar Havikbotn, Grete Yrke, Venevil Birkelund, Sigmund Grønnestad, Sissel Eikeskog, Svend Egil Håvardsen, Ole Andreas Fagerland, Erik Engløkk, Inger Kallevik Håvik og Øyvinn Askeland.**

"Kjekt på Bokn" ynskjer å takke alle frammøtte som var med på å lage dette til ei flott markering og alle "hjelpande hender" som drog arrangementet så flott i land.

Frå ein bestefar

Eg kjenner at det rører ved noko
bortgøymd inni meg
-eg kjenner kor du strevar gut,
på leit etter rette veg.
I ei verd som kjennes framande
og oftast alt for stor
-eg vil så gjerne hjelpa-
ja, gje deg mine ord!

Ord om teikn til nytte,
verdi kan målást ei.
I søken etter meining,
på leit etter rette lei.

Ein lyt liggja tungt på åra
skal ein sterke straumen ri
for at båten midt i leia stilt
mot målet fram kan gli.

Sjå sola, gut! Ja, månen med-
sjå aust, sjå vest sjå nord!
Eg vil så gjerne hjelpa-
ja, gje deg mine ord.
For, ein bestefar har levd ei stund,
eit langt liv allereie,
-ein liten gut lyt sjå til teikn
for om livet sitt å greie.

Der finst så mange gáver
at ein dei slettes ikkje ser.
I ei verd kor fokus endrar seg
og virkar på livet her.
Ein liten gut tek åra,
han ror som best han kan
Og bestefar: den aller,
aller beste høvedsmann:

Styrbord gut, nei babord rett,
eit ørandes lite knepp ned!
Veit du vesle guten min,
deg det mykje godt skal skje.
For du har våkent sinn
og ser deg titt omkring.
Om litt, du rette veggen tek,
så leikande lett du spring.

AEA

VINTERKLEDE PÅ KNAGGANE

Dersom nokon saknar gode varme jakker og ein raud vinterdress- så har me nokre hengane i gangane her hos oss. Kanskje ein treng dei på påsketur.

BUSSKORT

Alle som har rett på skyss fekk i haust busskort. Desse må visast på skulebussane. Dersom nokon har mista/mistar kortet, må Annette Bokneberg få melding om det- det er ho som bestiller nye kort. I følgeskrivet elevane fekk står litt om rutinane ved mista kort. Kortet må m.a. betalast før nytt kort blir levert ut. Ein må ha med kvittering eller ein kan betale kontant og få kortet utlevert.

BRUKARUNDERSØKINGANE VÅRHALVÅRET 2009

Vi viser til informasjon i Informasjonsblad nr 1/2009.

Foreldra:

Til no har bare 5 heimar svart på undersøkinga!

Det er enno tid til å svare.

Elevane:

71 elevar i 5. til 10. klasse har svart. Elevane har med andre ord fullført undersøkinga.

Lærarane:

Det er bare tilsette med vanleg lærarstilling som er bedt om å svare. 13 av 16 har gjennomført undersøkinga.

Resultata av undersøkingane vil bli gjort kjent gjennom sak til SU og gjennom dette bladet seinare.

ELEVTALET,

AUKAR ELLER MINKAR DET?

Går me langt nok attende var det samla elevtalet ved skulen på 100 og litt under det. Så har me hatt nokre år med tett opp til 120 elevar. Til hausten får me ein rekordstor 1. klasse og heile 124 elevar. Men kva skjer vidare? Bare veks og veks me?

Basert på fødselstala i kommunen, kjem elevtalet framover til å bli slik:

2009: 124 elevar,
2010: 124 elevar,
2011: 117 elevar,
2012: 117 elevar,
2013: 115 elevar,
2014: 111 elevar.

Det trengs med andre ord ei netto innflytting dei neste 5 åra av familiar som til saman har 13 barn i skulealder, skal elevtalet halde seg nær 124.

Dersom det er eit mål å halde nivået på dagens elevtal, og kanskje auke det langsamt, bør kommunen ha ei netto innflytting per år på 2-4 unge familiar.

FULL BARNEHAGEDEKNING I 2009

Opptaket til barnehagen er gjort. Alle frå Bokn har fått den plassen dei har søkt om. Kommunen har oppfylt lovkravet.

På måndagar er det ikkje plass til fleire små før i 2010. Fredagar er det også nok små.

Kommunen har 49 barn i barnehagealder. 43 av desse brukar barnehagen. 26 har plass 5 vekedagar, 14 har 3 vekedagar og 3 har 2 vekedagar. Av dei 6 som ikkje

brukar barnehagen er 4 fødd i 2008.

SYMJEOPPLÆRING, IKKJE BARE FOR DEI YNGSTE

Bokn Skule har til no bare hatt symjeundervisning for 1. - 4. klasse. Dei reiser til Akسدal kvar onsdag, 1. og 2. time.

I undervisninga blir det lagt vekt på vasstilvenning og tryggleik i vatn for dei minste. Det er eit mål at alle skal kunne vera trygge under vatn og med å få vatn i fjeset. Dei siste åra har dei fleste klart å læra seg å symje. Dei flinkaste klarer å symja 1000 m, og dei som ikkje kjem så langt klarer som regel å symja 25 meter. Det blir lagt vekt på at elevane beherskar både rygg- og brystsymjning.

Dei som slit mest får tilbod om å vera med ekstra.

Kompetansemåla i faget er:

Etter 4. kl.: Vere trygg i vatn og vere symjedyktig.

Etter 7. kl.: Utføre grunnleggjande teknikkar i symjning på magen, på ryggen og under vatn.

Etter 10. kl.: Symje på magen og på ryggen og dukke. Forklare og utføre livberging i vatn og livberginge førstehjelp.

Det er med andre ord ikkje godt nok at skulen bare har eit symjetilbod dei 4 første åra. Ein må sikre at elevane også kan nå kompetansemåla for dei siste 6 grunnskuleåra.

Det er planen å utvide tilbodet neste skuleår slik at 5. - 10. klasse også får timar i bassenget i Akسدal.

Næringsliv

Fokus på næringsarbeid i Bokn

Kari Christensen

Planer i 2009

Innsats for stimulering av næringsvekst er alltid viktig – og særlig i nedgangstider! Styret i Bokn Næringsforum har laget en aktivitetsplan for 2009 – her er noen stikkord:

- Lodde interessen for et lokalt etablererkurs her på Bokn
- Faste møter mellom formann

skapet og næringsforumet for informasjon og dialog

- God kontakt med næringsrådgiver Inger Kallevik Haavik
- Temamøte om næringsutvikling til høsten
- Kreativitetsprisen annonseres og deles ut i 2009
- Profilerings og synlighet i forhold til næringslivet
- Aktiv informasjon til medlemmene
- Medlemsverving – bedrifter og personer som er aktuelle
- Delta i Kjekt på Bokn, næringsgruppa

Interessert i lokalt etablererkurs ?

De som er interessert i en innføring i de viktigste reglene for etablering av eget selskap, hvor du kan søke om veiledning i forhold til bedriftsideer osv. – **ta kontakt med Kari Christensen, tlf. 91120801 (kachris@online.no).**

Dersom tilstrekkelig mange er interessert, håper vi å kunne legge til rette for å gjennomføre etablererkurset lokalt.

Skyssebåtteneste på Ognøy

Jardar Havikbotn

Fredag 13. februar fekk Erik Eikje på Ognøy overlevert "OgnøySjefen" frå Ydstebø Marine på Kvitsøy, bygg nr. 68 frå verftet yttarst i Boknafjorden.

Ny verksemd

"OgnøySjefen" er ei ny verksemd i Bokn som primært skal utføra tenester for tankbåtar som kjem til Kårstø, m.a. frakt av passasjerar og gods til og frå tankbåtane. Oppdraga blir gitt av agentar som bistår tankbåtane som skal inn til gassterminalen på Kårstø.

"OgnøySjefen" er på 35 fot med plass til 9 passasjerar, lasterom og kran. Båten kan gå i 30 knops fart og er konstruert etter nordisk båtstandard, pluss 50% styrke, det vil seia same krav som for ein fiskebåt.

I tillegg er han utstyrt med bunn-deteksjonsutstyr som målar opp havbotnen tredimensjonalt ned til 1000 meters djup. Båten kjem til å ha base i ny hamn på vest-sida av Ognøy, der det er oppført sjøhus, heisekran og snuplass.



"OgnøySjefen" ligg til kai på Ognøy 50 m frå E39.

Foto: Kyrre Lindanger

Nye marknader

Erik Eikje seier til Bygdabladet at konstruksjon, utstyr, fart og at båten kan ta passasjerar, vil vera eit viktig grunnlag for å kunne finna nye marknader utover det han allerede har avtalar på i dag. Han er m.a. i dialog med politiet, hovudredningssentralen på Sola og Kystverket for oppdrag ved behov. Han har også inngått avtale med eit firma om kartlegging av

havbotn i samband med oppankring og flytting av oppdrettsanlegg. Formannskapet i Bokn løyvde 50.000 kroner i etableringskost frå det kommunale næringsfondet til etablering av verksemda. I tillegg har Innovasjon Norge løyvd midler i samband med prosjekteringa. Totalt har Eikje investert for 2,6 millionar kroner i samband med nyetableringa på Ognøy.

Bokns attraksjoner som årsmøtetema

Kari Christensen

Bokn Næringsforum hadde årsmøte og temamøte 19. mars, med årsmøtesaker, reiseliv og aktuelle næringsaker på agendaen.

Årsmelding, regnskap og budsjett ble vedtatt som foreslått av styret. Kari Christensen ble gjenvalgt som leder. Ann Jeanette Olausen gikk inn som nytt styremedlem etter Espen Alvestad, og Fredrik Faye og Sigmund Alvestad som varamedlemmer. Øvrige i styret er Rune Vatnaland, Tormod Våga og Tor Harald Alvestad.

Reiseliv

Tore Gautesen i Destinasjon Hauge-sund og Haugalandet AS (**bildet**) tok for seg det han mente var Bokns største



attraksjoner.

Ikke overraskende kom følgende punkter høyt på lista:

Boknafjellet, fising, båtturisme og sykkelturner. Det er her han mente reiselivspotensialet ligger.

Gautesens innlegg ble etterfulgt av en god diskusjon om hvordan Bokn kan utvikle disse attraksjonene på en god måte. Reiselivsselskapets bidrag kan være å stå for en del av markedsføringen og stimulere til vekst, samarbeid og nettverksbygging lokalt.

Næringsaker og prosjekter

Ordføreren tok for seg aktuelle næringsaker, blant annet fra næringsgruppa i "Kjekt på Bokn"-prosjektet, som har etablering av nye arbeidsplasser som hovedmål.

Det kom en rekke gode søknader til

næringsfondet, som er på kr. 200 000. Formannskapet vedtok å dele summen likt mellom fire av prosjektsøknadene: Erik Eikje (skyssebåt), Kari Christensen (aktivitetshall), Jens Are (fiskebåt) og Bokn Plast (produktutvikling).

Erik Eikje fortalte om skyssebåtfirmaet han har startet på Ognøy – både om ideskapingsfase og prosjektutviklingen. Eikje la stor vekt på at han fikk god hjelp fra næringsrådgiver Inger Kallevik Haavik i Haugaland Vekst, som har Bokn som en av "sine" kommuner.

Inger Kallevik Haavik orienterte om sin rolle som rådgiver og næringslivets kontaktpunkt mot det offentlige. Haugaland Vekst kan tilby både etablererkurs og andre tiltak for etablerere.

(For mer informasjon, se **www.haugaland-vekst.no**)

Nyopning av Coop Marked Bokn

Jardar Havikbotn

Butikken i Føresvik har gjennomgått ei omfattande ombygging, noko som blei markert med nyopningstilbod i veke 8 og kaker og roser til kundene 20. februar.



Ordførar Kyrre Lindanger (th.) gratulerer butikksjef Tor Harald Alvestad med nyopninga.

Då var ikkje Bokn kommune og Bygda-bladet til stades, pga. ei misforståing, men troppa opp nokre dagar etter med blomar og gåve.

Ein avslappa butikksjef tok seg tid til ei grundig omvising og ein god prat i den nye kaffikroken med korrekte retrofargaga stolar, i tråd med fargekodane til Coop Marked-butikkane.

Få er usamde i at forretninga har blitt svært så innbydande etter ansiktsopp-løftinga frå golv til tak. Og det heile har gått smertefritt.

- Ja, me fekk utført det me ville og alle løysingar gjekk slik me håpa på. Coop Haugaland har heile vegen involvert Bokn og dei har høyrte på oss, så det har vore ein lett prosess, seier Tor Harald Alvestad fornøgd.

Nye kjøler

Nå er det t.d. slutt på eit problem som alltid oppstod sommarsdag. Tidlegare hadde dei mange små kjøler med motorar som avga varme. I dag er alle kjølene nye, og ingen motorar er inni butikken, men på taket (unntatt frysen). Nå går all varmen ut og det blir kjølegare somardagar.



Saman med rådmann Jan Erik Nygaard (tv.) i kaffikroken.

Kjøpmannen snakkar også om varme-gjenvinning og at Coop Marked Bokn er ein av få butikkar med isvannsanlegg på kjølene. Og det viktigaste av alt; nå er det

- Kjem det inn forespørslar om varer frå desse frivillige varene, tar me inn desse, fortel Tor Harald, som gler seg over at ombygginga også førte til at ting blei lettare. Døme her er å trilla



Posten og tippkroken har fått god plass i eit lyst og luftig lokale med m.a. fliser på golvet og lyst tak, nye kjøler og reolar, alt i Coop Marked butikkane sine fargekodar.

større kapasitet på kjølene, og med meir plass til å visa meir kjølevarer blir det eit betre tilbod til kundene.

Ønsker

Du som kunde kan også komma med vareønsker dersom du saknar noko.

bruskassar rett inn i kjøla og setta kassar, både i brød- og grøntavdelinga, litt på høgkant, slik at ein slepp å ta tunge markløft.

Ei ny oppbygging av butikken har det også blitt. Varene er ikkje tilfeldig



Å trilla bruskassar rett inn i kjøla og å setta brødkassar litt på høgkant, slik at ein slepp å ta tunge markløft, har gjort det lettare for alle.

Vareutvalet består av pliktige og frivillige varer. Dette blir styrt etter omsetninga. Coop Marked Bokn er i den største omsetningsgruppa og av den butikkggruppa som har mest inne av frivillige varer. Likevel er det varer frå dette sortimentet som ikkje er inne.

plasserte. I følge butikksjefen ligg det ute nokre "magnetar".

- Alle skal som regel ha frukt og brød. Då er det ein fordel å ha dette litt langt inne i lokalet slik at ein får kundene rundt i forretninga.

Rett val

Både rådmann og ordførar har fått inn positive tilbakemeldingar om kor fantastisk det er med ein slik butikk på Bokn. Ordføraren var ein av dei som var skeptiske til å gå inn i Coop Haugaland (CH), og seier at det nå er lettare å forsvara valet som blei gjort når ein ser kor flott det har blitt. Tor Harald skyt inn at CH aldri ville tatt over ein butikk for å leggja han ned.

- Viss Coop Haugaland fusjonerer er det fordi dei har tru på det, presiserer han og viser til ombygginga til 1,5 - 2 mill. kr.

Årets komet 2008

Eit diplom på disken ved kaffikroken fortel at Coop Marked Bokn er "Årets komet 2008" blant over 50 Coop Marked-butikkar i Region Sør-Vest (Haugaland-Kristiansand). CH fekk fire av fem ulike prisar og Bokn mottok "Årets komet"-utmerkinga, som handlar om omsettingsauke.

- Fjoråret var fantastisk. Trufaste kunder bidrog gjennom heile året til ei omsettingsauke på 15,5% - det desidert beste resultatet blant sju Coop Marked-butikkar under CH sin paraply.



Smalare og høgare reolar ute på golvet har forutan vareauke ført til betre tumleplass, eit ryddigare uttrykk og gjort det meir innbydande å handla.

Ein inspirert butikksjef smiler frå øyre til øyre og har ikkje noko imot å motta fleire prisar.

Bokn gjorde det også bra i brukarundersøkinga i 2008. Dei er takknemlege for den gode responsen og har prøvd å ta tak i ting som kom fram der. Kaffikroken, større frukt og grønt-avdeling og ganske mykje større kjølekapasitet er konkrete resultat av desse tilbakemeldingane.



Alle kjølene i butikken er nye (unntatt frysene). Høgare grøntavdeling gir også betre plass og fleire varer.

Det er inga løyndom at butikksjefen og personalet håpar på ytterlegare omsettingsauke nå etter det som er gjort med butikken.

Personalet er viktig

- Nå har me skifta ut alt unntatt oss gamle då, sa ein tilsett til ein kunde.
- Å, ja, men det va godt, kom det til svar.

- Det va det eg ville hørre, ser du, sa den tilsette.

Rådmannen og ordføraren er overbeviste om at hadde alle tilsette blitt skifta ut, hadde ein mista kunder - personalet er ansiktet utad.

sekken i byen. Me må gjera det godt for å få lov å investera hos oss. Me driv vår eigen butikk med våre egne tal, seier Tor Harald.

Dei vil laga ein så god butikk som mulig, og håpar at folk vel å bruka han. Coop Marked-butikken vil aldri få det utvalet som på Obs!, Maxi eller Meny når det gjeld ferskvarer, men butikksjefen meiner det ikkje er rett at alle skal vera den type butikk. Det er heller ikkje eit mål for dei.

Mot straumen

Fleire utkantsbutikkar slit i dag og blir



Helga Foss bak kassen i koseleg samtale med Jorunn Larsen, i ein periode med lite folk i butikken.

- Det er ein kjekke gjeng så har det kjekt i lag, og eg håpar det smittar vidare, fortel Tor Harald og kan opplysa om at åtte tilsette arbeider seks årsverk til saman.

Må driva godt

Avslutningsvis snakkar kjøpmannen om at kvar avdeling i CH sjølv må forsvare sine egne investeringar. Det er ikkje automatikk i at viss Obs! gjer det godt, så drypp det umiddelbart på Bokn.

- Det er ikkje berre å opna opp penge-

lagt ned. At Coop Marked Bokn er "Kjerringa mot straumen" viser at boknarane har tru på si eiga bygd. Dette er musikk i øyrene til både ordføraren og rådmannen.

"Kjerringa" har også fått forandra fasaden sin. Alle reklameskilt er bytta ut med nye og større skilt med lys inni.

Bygdabladet gratulerer Coop'en på kaien, "Årets komet 2008" med nyopninga!

Fekk spelartrøyer

Jardar Havikbotn

Falkeid sitt J16 lag, med fem boknajtenter i stallen, møter vårsesongen i nye overdelar frå StatoilHydro.

Energiselskapet annonserte i januar at alle lag kunne søka om å få slike skjorter.

Lagleiar Gro Kallevik fortel til Bygdabladet at jubelen stod høgt i taket då ho kunne fortella jentene at dei hadde vunne. Og søkt hadde ho gjort utan at spelarar og trenarar visste om det. Overraskinga blei då desto større.

Laget, som trenar to gonger i veka, spelar 11-fotball i 2. div. Som andre lag er dei både opptatt av å vinna og å ha det gøy saman.

Dei er fire vaksne rundt jente-laget. Ein av trenarane er boknar Harry Bokneberg.

- Eg er kjempestolt av å vera lagleiar for ein så utruleg kjekk og flott jentegjeng, avsluttar Gro Kallevik.



**Bak fv. Celina Bokneberg, Åshild Apeland, Malene Apeland, Åse Østebø, Karina Kjetland, Charlotte L. Rasmussen, Katrine Tveit.
Foran fv. Stine Gregersen, Linda Våge, Elise Vikre, Silje Eide, Monika Mannes, Irmelin Tarald-
lien, Marita Eikesog.
Keeperar fv. Christina Dønne & Caroline Kallevik.**



Jardar Havikbotn

Nå kan spelarar hos Norsk Tipping velga eitt lag eller forening som skal motta fem prosent av spelebeløpet. I Bokn er i skrivande stund Bokn Danseklubb og Bokn Røde Kors klare til å motta grasrotmidlar.

**Laget eller foreninga må vera registrert i Frivillighetsregisteret for å kunna motta slike pengar.
Ev. premiar er dei same.**

Spelar du t.d. Lotto for 100 kroner går fem kroner til det laget eller organisasjonen du har valt ut som din grasrotmottaker, utan at det har påvirkning på premien din.

Norsk Tippings spelarar i Rogaland rår over ein pott på 28,8 millionar kroner som dei kan dela ut til lag og foreningar gjennom Grasrotandelen (basert på omsetninga i 2008).

For Bokn er denne potten på 41.580 kroner, så her er det berre for lag og organisasjonar i Bokn å registrera seg i Frivillighetsregisteret ved Brønnøysundregistrene.

Korleis blir ein grasrotgjevar?
Du kan gjera det direkte i tippedisken hos

kommisjonæren, på internett, på mobilen og etter kvart også på speleterminalene. Då søker du opp mottakaren du vil støtta og aktiverer han som grasrotmottakar.

Dersom du veit organisasjons-nummeret til klubben, kan du oppgi det hos kommisjonæren, eller tasta det inn om du spelar elektronisk.

Du kan også søka fram laget eller foreninga på www.grasrotandelen.no. Der skriv du ut ein eigen blankett med strekkode på. Denne tar du så med deg til ein kommisjonær for registrering.

Grasrotandelen gjeld alle typar lag og organisasjonar, frå idrettslag og korps til vel-foreningar.

Årsmeldingar 2008

BOKN IDRETTLAG

Styret har vært sammensatt av:

Leder: Christian Bottolf Knutsen
Nestformann: Christian Bottolf Knutsen
Kasserer: Annbjørn Sunde
Fotballansvarlig: Brent Mikkelsen
Aktivitetsleder: Arvid Jøsang
Hus- styrer/utleie: Åse Vatnaland
Sekretær: Christian Bottolf Knutsen

Styremedlem: Rita Nesvik

Styremedlem: Grethe Alvestad

Tre fra styret står på valg:

Christian Bottolf Knutsen, Arvid Jøsang og Brent Mikkelsen

Styret har hatt 10 styremøter i 2008

Antall medlemmer i Bokn IL i 2008: 178 stk (195 i 2007)

Aktiviteter i 2008

Treningslokalene:

Lokalene blir en del brukt av både grupper og enkeltpersoner. Lokalene er utstyrt med Spinningsykler, tredemøller, romaskiner, samt vekter og styrkeapparater. Vi prøver så godt

vi kan å få unnagjort vedlikehold og reparasjoner på utstyr underveis, men dette krever også at vi blir informert om manglene etter hvert.

Foreslår en gjennomgang av hele lokalet for evt. endringer/forbedringer iløpet av 2009.

Volleyball :

Trening foregår året rundt i gymsalen. 11 stk. ungdom og 24 stk. på Voksen. Det er Rita Bokneberg som er ansvarlig for treninger hver Torsdag fra 18.30-20.00 (ungdom), og 20.00-22.00 for Voksen.

Fotball:

Det var også i 2008 eit stort aktivitetsnivå med hjemme og bortekamper i fotballgrup-

pen, 8-13 år . Vi hadde registrert 50 stk. aktive spillere i 2008. Det var deltakelse på Stegberg Cup , Kårstø Cup og vikeputt .

Vi investerte i to nye mål for å kunne kjøre 3 kamper samtidig på gras-banen.

Den årlige Fotballavslutningen gikk av stabelen 16 oktober i gymsalen, der alle spillere fikk utdelt sine ut-merkelser, samt trenere og oppmenn fikk en liten oppmerksomhet for kjempeinnsats i sesongen 2008.

En stor takk til alle trenere, oppmenn og foreldre som har stilt opp for fot-ballen i året som er gått, dette hadde ikke gått uten deres hjelp. I 2008 var det 5 fotballag.

Gutt/Jenter 8 år: Trener: Roger Jøsang. Oppmann: Grethe Alvestad

Gutt 9 år: Trener: Artur Trosnavåg. Oppmann: Gry Øvrebø

Gutt 10/11 år: Trener: Cliff Olausen. Oppmann: Tore Øvrebø

Gutt 12 år: Trener: Leif Kjellesvik. Oppmann: Gunn Hognaland

Jenter 11/12 år: Trener: Louis Medhaug. Oppmann: June Kro

Trial:

Trialen er ein "sjølvstendig" klubb, Pluggen motorsykelklubb, underlagt idrettslaget.

Klubben har ca.18 kjørere fordelt på flere alderstrinn. Mange har deltatt i Cuper, bla. Norges Cup i Riska i Mai (Martin,Harald og Einar). De har deltatt i KM-runde på Årabrot med 8 kjørere fra klubben , med kjempesultater !. Oppvisning på skolen 17-mai og oppvisning på Kaien (Coop) på marknadsdagen.

Klubben arrangerte Norges Cup Finale på Torland 7 september. Dette var et samarbeid mellom Karmøy Trial, KNM Haugaland og Pluggen motorklubb. Arrangementet gikk knirkefritt uten en eneste klagesak til Juryformann . De stilte også på KM-lag på Riska i september og KM-finale på Karmøy 27 sept.

Idrettslaget vil også gratulere Martin Trosnavåg med 1. plass sammenlagt Junior og Harald Trosnavåg med 2.plass sammenlagt kl. C.

Barnetrim:

Mange ønsket seg Barnetrimmen til-bake, og det ble satt i gang arbeid med å finne ledig tid i gymsal og sende ut skriv til småbarnsforeldre. Det måtte settes opp en plan for ansvarlige frem til sommeren.

Det gikk sin tid for å få disse tingene på plass , men vi klarte det. Oppstart ble Januar 2009.

Danser:

Det får utvilsomt også finalen i programserien. Der skal korene synga tre songar kvar; ein sjølvvalt, "Come To-

gether" har dei berre fått utdelt noter, ikkje innspilt musikk på førehand. Så viss ikkje låten skal framførast utan instrument (a capella), må dei spela sjølve. Her ligg det altså an til spennande løysingar for finalekorene.

Travelt, men knallkjekt

Lærarvikaren ved Bokn skule fortel om øvingar kvar dag. Som regel er ho i byen 16.30 og ofte ikkje heime før 00.30 - 01.00 om natta. Men kva går vel ikkje an når ein har det kjekt og får opplevingar for livet.

På fredagane har det vore øving heile dagen i Oslo. Det same gjeld laurdagane, med start i lydstudio kl. 09.00 med terping og prøvar, gjennomkøyringar og generalprøve ein time før sending.

Ho fortel at ho har lært mykje, om lydstudio, scenebruk, kostymar og koreografi, ulike musikksjangrar og ikkje minst om prosessen rundt eit TV-opptak. Den inspirerte dama vil ta med seg nyttige tips og idear tilbake til Bokn.

Songfuglen, som syng alt-stemma i koret (den mørkaste damestemma) er



I TELTET VED TV-STUDIOET: Anne Tove og Ruben Rainer Espelid sit og ventar på ein studio-prøve. Han er solist på "Reis meg opp", som sannsynlegvis blir å høyra igjen i finalen.

Foto: privat

ring i Bokn og var blant dei mest aktive elevane i Bokn musikkskule sin store periode i siste halvdel av 1980-talet/byrjinga på 1990-talet.

Samstundes var Bobbysocks og Grand Prix-sigeren i 1985 ein stor inspirasjon, og Bygdabladet har tidlegare skrivne om då ho var assistent heime hos familien Krogh/Sundbø. Mange boknarar hugsar nok Hanne Krogh sine julekonsertar i kyrkja og deltakinga ved Bokn kommune sitt 150 års jubileum i 2000, som eit resultat av dette vennskapet.

Det var også Hanne Krogh som tipsa henne om det nye TV-konseptet, og Anne Tove stilte opp på auditions i Oslo og i Haugesund. Gjennom nålauge kom ho, og blei medlem av eit energisk og flott kor, full av songglede.

Takk!

Då eg intervjuar henne i starten av programserien, hadde ho ei klar oppfordring om at folk måtte stemma på dei. Nå er Anne Tove full av takksemd for den store støtta dei har opplevd. Og ho håpar også sjølv sagt på full oppbacking i finalen 2. mai.

- Tusen takk, adle i sammen, kjem det frå ei som har halde godt på boknadialekta trass 13 år i hovudstaden.

Sjølv om det i skrivande stund ikkje eksisterer konkrete planar for koret etter "Det store korslaget", utanom ein jubelkonsert i Festiviteten 7. Mai, trur og håpar eg at "Team Hanne" vil spre glede rundt omkring på Haugalandet på ulike arrangement.

Bygdabladet ynskjer lukke til i finalen!



IMPULSIVT PAUSEINNSLAG FOR PUBLIKUM MENS DET PÅGÅR TV-REKLAME: Anne Tove blir akkompagnert av Henning Waaler Kemp på ein countrylignande versjon av songen "I Wanna Hold Your Hand" (Beatles) - ein fantastisk opplevelse, fortel Anne Tove.

Foto: Ken Alvin Jensen

gether" (Beatles) som også "Team Jørn" skal framføra, og ein låt som tv-sjåarane plukkar ut. Her kan folk gå inn og stemma på Tv2underholdning.no. I skrivande stund er det "Reis meg opp" som ligg an til å bli ønskereprisen (nærare 50% av stemmene).

veldig glad for å synga med folk som har same interessa som henne, og set stor pris på alle nye musikkontaktar ho har fått.

Bobbysocks og Hanne Krogh

Anne Tove fekk si første musikkopplæ-

- Et vikingekor

Jardar Havikbotn

- Skal man i slag må man ha med vikinger, sa Hanne Krogh til meg før det braka laus med "Det store korslaget" på TV2 7. mars

- Ja, det er jo et vikingekor, full av musikalitet, energi og galskap, for-talde ein travel artist på telefon frå Oslo i byrjinga av mars. Dei som har fulgt med på TV, veit at vikingekoret hennar har gått strake vegen til finalen, og det med gjennomført kvalitet i

framføringane.

- Sangerne representerer flere stil-arter, og sammen er de dynamitt, fortel den folkekjære artisten, som har selt over ein million plater i Noreg.

Hanne Krogh har verkeleg gått inn for oppgåva, brukt all erfaringa si med korsarbeid og nådd målet sitt om å overføra energi frå scene til sal. Ho har lukkast i å vera motivator og inspirator for koret.

Artisten er glad for å få profilera Haugalandet på denne måten, ein region ho meiner lett blir gøymt mellom Stavanger og Bergen.

Så gjenstår det å sjå korleis det går med slaget mellom nord og sør i finalen 2. mai, om Tromsø-koret eller Haugesund-koret stikk av med sigeren. Det blir spennande!



LA DET SWINGE: I aksjon på "Det store korslaget". Anne Tove til venstre i bildet.

Lions Røde Fjær

May Jorunn Vatnaland

Søndag 19.april hadde Lions en landsomfattende innsamling, Røde Fjær.

Bokn har Lions-medlemmer som er tilsluttet Tysvær Lions klubb.

Denne klubben klarte å samle inn ca. 125.000 herav ble 18.523,- samlet inn på Bokn.,

14 bøssebærere og sjåfører var i aksjon på Bokn. Vi hadde problem med å skaffe nok bøssebærere pga. diverse arrangementer, samt "for fint vær".

Tusen takk til de som var så sporty og stilte på kort varsel, og tusen takk til alle som tok vel i mot oss.



Lions Røde Fjær-aksjon 2009 går til utbygging av Norges Blindforbunds kurssted, Hurdal syn- og omestrings-senter nord i Akershus.

Hurdalsenteret har gitt tusenvis av blinde og svaksynte muligheten til å mestre livet etter å ha mistet synet.

Kommunal informasjon

Merkedag for Bokn!

Jardar Havikbotn

Ordførar Kyrre Lindanger fekk fredag 13. mars gladmelding av fylkesordførar Tom Tvedt om at Rogfast er med i Nasjonal Transportplan.

Nå er det klart at regjeringa har sett av midlar til at bygginga av Rogfast kan starta i perioden 2014-2019 - andre periode av Nasjonal Transportplan (NTP). Summen blir bestemt ved rulle-ringa av planen om fire år.

- Dette er ein merkedag for Bokn, Rogaland og heile Vestlandet. Eg ser på Rogfast som det viktigaste samferdselsprosjektet for denne landsdelen dei neste ti åra. Ein ferjefri riksveg mellom Kristiansand og Trondheim vil utan tvil føra med seg mange positive ringverknader i høve til både næringsliv og kommunikasjon for heile Vestlandet, fortel ein glad ordførar til Bygdabladet.

Kyrre Lindanger hadde nesten begynt å mista trua på at Rogfast skulle koma med i NTP pga. ein del negative signal i vinter. Han blei derfor svært positivt overraska over at regjeringa fann rom for dette prosjektet i langtidsplanane sine, og seier det var svært viktig å få



Det går mot at langvegsfarande bilar frå sør i framtida kjem fergefritt til Bokn.

Foto: Reidar Alvestad

med Rogfast i denne runden.

For å realisera Rogfast er det iflg. NTP nødvendig med eit stort bompengebidrag og ei nærmare kvalitetssikring av det undersjøiske tunnelprosjektet.

- Rogfast vil føra med seg at me som politikarar må planlegga framtida på ein heilt ny måte. Eg trur m.a. at me må kunna forventa å få ei auka tilflytting til kommunen i åra framover, avsluttar ordførar Kyrre Lindanger.

Trygt på Bokn

Tekst: Dag-Helge Rønnevik - foto: Jardar Havikbotn

Midler fra NSDM

Bokn kommune har fått 50.000,- i midler fra Norsk Senter for Distriktsmedisin (NSDM) til prosjektet "Trygt på Bokn" – et prosjekt som skal øke den akuttmedisinske kompetansen i kommunen, samt belyse hva som skal til for at Bokn i framtiden kan oppfylle de stadig strengere krav til bemanning av ambulansen og deres kompetansenivå.

For å gjøre denne jobben er det satt sammen en arbeidsgruppe som består av følgende personer:

- **Prosjektleder:** Dag-Helge Rønnevik (kommunelege)
- **Prosjektkoordinator:** Kaj Arne Christiansen (ambulansse, Røde Kors)
- Kjell Frode Lie (Røde Kors, ambulansse)
- Arild Ognøy (brannvesen, ambulansse)
- Anne Lise Nilsen (fagansvarlig ambulansse, sykepleier, legekontor)

Bokn-ambulansen redder liv!

Bokn har som kjent "sin egen" ambulansse som er formelt 1 av 13 ambulansser i Helse Fonna. Den er betjent av sykepleiere i vaktordning (de samme som jobber på sykestya), og ambulanssesjåfører som går skift. Noen er utdannet ambulanssepersonell med fagbrev og jobber også på ambulanssen i andre kommuner, mens andre har andre stillinger i kommunen og har gått nødvendige kurs for å oppfylle tidligere krav til utdanning.

Ambulanssen har vært en trygghet for befolkningen i mange år, og bidratt til å redde mange menneskeliv. De som jobber i ambulanssen på Bokn gjør en kjempeinnsats som gjør at kommunen



i dag har egen ambulansse i beredskap

Strengere krav fra 2010

Fv. Kjell Frode Lie, Anne Lise Nilsen, Arild Ognøy, Kaj Arne Christiansen og Dag-Helge Rønnevik.

24 timer i døgnet året rundt. Antallet oppdrag for ambulanssen har vært stabilt, ca. 70-80 i året de siste årene.

Regelmessig trening viktig

For at ikke ambulanssen skal bli en falsk trygghet, krever det at de som jobber i ambulanssen får anledning til å trene regelmessig for å opprettholde kompetansen sin.

Kommunens beredskapsplan sier noe om hvor ofte man skal ha større øvelser som involverer både ambulansse og brannvesen. Men vel så viktig er det å trene på "mindre ting" som vi kan møte på i hverdagen: Pasienter med brystmerter, bevisstløse pasienter, bruddskader, brannskader, astma-anfall osv.

Volumet (antall hendelser) er ikke like stort i en liten kommune som i en stor kommune, og desto viktigere blir det at det foreligger en god plan for regelmessig øving av alt personell. En av målsetningene for "Trygt på Bokn" er å få på plass gode rutiner for dette.

I 2010 kommer det nye og strengere krav til ambulanssepersonellet. Mens vi i dag kan betjene bilen med ansatte som har tatt nødvendige kurs tidligere (utrykningskurs, medisinkurs etc.), kreves det f.o.m. 1. april 2010 at minst én av sjåførene skal ha fagbrev i ambulanssefaget. Dette vil sannsynligvis kreve en omorganisering av vaktordningen til ambulanssen, med mindre det blir gitt dispensasjon fra disse kravene. Det er per i dag ikke avklart fra myndighetenes side hvordan man skal løse dette i små kommuner som Bokn.

Det er enighet i arbeidsgruppa at det faglig er ønskelig å beholde ambulanssen på Bokn. En godt utrustet ambulansse med kompetent personell vil absolutt gjøre Bokn til en tryggere plass å bo. I tillegg vil et akuttmedisinsk miljø gjøre Bokn kommune til en mer attraktiv arbeidsgiver.

Samtidig ligger det i kortene at nye krav til kompetanse vil gjøre det mer ressurskrevende å drive ambulanssen i framtiden enn i dag.

VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike til-stelningar, handla på butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å vera tilgjengelege som sjåførar, og desse har ei vaktordning og ein mobiltilf. til disposisjon.

For å avtala tid, ring dette nr. - helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren -

- Kr. 3,- pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.
- Minstepris kr. 100,-



94 14 47 35



Ferievikarer i teknisk seksjon sommaren 2009

Bokn kommune v/teknisk seksjon har sommaren 2009 behov for ferievikarar til diverse oppgåver som klipping, maling og andre vedlikehaldsoppgåver i perioden 15.06 - 21.08.09.

Bokn kommune er open for at det kan kombinerast med andre jobbar.

Lønn etter ansiennitet og praksis. Søkar må vera fylt 18 år.

List opp i søknaden kva for nokre veker og evt. tidspunkt som er aktuelle å jobba.

Søknad skal sendast inn til Bokn kommune v/teknisk seksjon innan 15.05.2009.

Spørsmål kan rettast til

Unni W W Høivik på tlf. 52 75 25 06 eller e-post: unni.hoivik@bokn.kommune.no

Faglunsj i seksjon helse, sosial- og barnevern

Tekst: Dag-Helge Rønnevik - foto: Jardar Havikbotn

Selv om Bokn er en liten kommune og de fleste i seksjonen jobber ganske nært hverandre (avstandsmessig), er ikke samhandlingen så god som den kunne vært. Og for at en arbeidsplass skal være attraktiv er det viktig at de ansatte får muligheten til å kunne oppdatere seg faglig.

Derfor har helsesjef Tore Bøe Olsen og kommunelege Dag-Helge Rønnevik har tatt initiativ til en halvtimes "faglunsj" hver onsdag kl 1130-1200 på møterommet i 2. etasje på Boknatun for de ansatte i seksjonen for helse, sosial og barnevern.

Hensikten med faglunsjen er å ha et tverrfaglig møtepunkt der alle fra seksjonen kan møtes og lære litt mer om hva de andre jobber med, samt få med seg faglige innlegg fra ulike hold. Man tar med seg matpakke og får servert kaffe (og kanskje litt frisk frukt).

Aktuelle faglige innlegg er:

- Referat fra kurs man har vært på
- Gå gjennom faglige retningslinjer / prosedyrer
- Friske opp fagkunnskap om viktige temaer (for eksempel



Fv. Hanne Nilssen, Irene Kro, Sonja Mikkelsen, Anja Alvestad, Margunn Are, Ellen Nedrebø, Dag-Helge Rønnevik, Anne Lise Nilsen, Rigmor Linchausen og Karin Vikse. De to sistnevnte fra Voksenhabiliteringsteamet til Helse Fonna.

demens, ryggsmarter, trygderettigheter etc).

- Informasjon fra administrasjonen om pågående planarbeid etc.
- Innlegg fra eksterne ressurser ... eller bare spise lunsj sammen og diskutere aktuelle temaer.

De to første faglunsjene har det vært eksterne ressurser som har kommet til Bokn og fortalt om sitt arbeidsfelt. Først ut var kiropraktorene Jon Eire Prytz og Linzi Howell fra Familiekiropraktoren i Akسدal. De fortalte om

hvordan kiropraktorer jobber generelt, og om behandling av kolikk hos spedbarn og "KISS"-syndromet (låsning i nakken).

Onsdag 11/3 kom det to representanter fra Voksenhabiliteringsteamet til Helse Fonna på besøk. De jobber med personer over 18 år som har ulike utviklingshemninger (mental retardasjon, Downs syndrom, autisme m.m.). For helsetjenesten i Bokn kommune er dette et tilbud i spesialisthelsetjenesten som det er viktig at de ansatte er godt kjent med.

Ny kommunal tenestebil

Jardar Havikbotn

Firhjulstrekkar skal sørga for at ein kjem seg fram til alle boknarar som treng heimenester.

11. februar kom Suzuki'en til Bokn, ein Swift 4x4, og blei umiddelbart sett inn i teneste.

Bilen er ein leasingbil frå Nord-Motor AS på Karmøy. Seksjonssjef for Helse, sosial og barnevern, Tore Bøe Olsen, seier til Bygdbladet at alle i seksjonen er glade over å ha køyredningen på plass.

FORNØGDE TILSETTE: Fv. Anne Britt Svendsen, Aud Leidy Gaupås, Marianne Øvrebø, Anja Alvestad, Kristin Eide og Lise Rødde.



Kulturmidlar 2009

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.

- Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-
- Søklarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2008 og budsjett for 2009 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tildingsstillande måte.
- Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakte inn i budsjettet for 2009, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Desse krava må oppfyllest for å få stønad.

Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkjaren som Formannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konsertar og utstillingar, osv., eller større investeringar.

Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.

Årets pott er på kr. 150.000 og kulturmidlane for 2009 blir fordelte i formannskapsmøte 2. juni.

Samtlege som mottok støtte i fjor vil få fått tilsendt søknadsskjema.

Nye søklarar kan få søknadsskjema i Servicetorget på Boknatun.

Det er også i år tilrettelagt for å søka elektronisk på bokn.no





Soknerådsvalet 2009



På same vis som det vert vald nytt storting kvart 4. år vert det og vald nytt sokneråd.

I samband med forliket om høve staden og Den norske kyrkja er det gjort ein del endringar. Forliket la opp til at det skulle gjennomførast ein demokratireform i kyrkja.

Stortingsmeldinga legg opp til at:

- det skal etablerast reelle valmuligheit
- det skal vera auka bruk av direkte val
- kyrkja skal ha val samstundes med offentleg val

Ved soknerådsvalet denne gongen skal rådet berre veljast for 2 år då ein for framtida vil at soknerådsvalet skal fylgje kommunevalet. Valet denne gongen gir oss gode muligheter for å engasjere alle kyrkja sine medlemmer.

Eg vil difor opplyse om kva lova eigentleg seier om soknerådsvalet. **I reglar for val av sokneråd heiter det i § 6:**

Valget foregår som forholdstallsvalg eller flertallsvalg. Dersom det bare foreligger en godkjent kandidatliste, gjennomføres valget som flertallsvalg. Er det flere kandidatlistor, gjennomføres valget som forholdstallsvalg.

Dette tyder at det er fritt for å kome med fleire lister til valet. Alle lister skal godkjennast av soknerådet, og det er sjølvsagt krav til at kandidatane er villige til å stå på lista og at dei er medlem av Den norske kyrkja, og over 18 år.

For at ei liste skal verta godtkjent må den vera underskriven av 10 medlemmer, og skal setjast opp i prioritert rekkefølge. Den må vera komen til soknerådet innan 15. mai 2009.

Soknerådet oppmodar innbyggjarane i Bokn til å engasjere seg i soknerådsvalet, anten det nå gjeld å stille med liste eller sjølv å stille på liste.

Soknerådet oppmodar og innbyggjarane til å nytte seg av røysteretten sin. Også ved dette soknerådsvalet vil dei som fyller 15 år i 2009 og er medlem av kyrkja ha røysterett.

Ein vil kome attende med fleire opplysningar om valet, blant anna om kor og korleis ein kan førehandsrøyste.

Har nokon spørsmål som gjeld valet ta kontakt med kyrkjeverje Svanhild Alvestad.

Overnatting på Petra 27. mars 2009

Elisabet Taraldlien

Me blei heile 14 stykker på overnattinga, pluss oss to vaksne! Det er bra!

Da klokka nærma seg 24:00, var det mange svoltne sjeler på Petra, og alle gjekk og snusa inn den gode lukta av nybakt pizzahorn! Ska sei det smaka godt, då dei endeleg var ferdige!

Natta forløp stilt og roleg, me såg film, hadde leikar og resten av underhaldninga sto eigentleg ungene for sjølve! Eg meiner bestemt eg høyrde dei hadde det utruleg kjekt! (Les: høg latter, hyling og springing, he, he!)

Når morgonen rann med ein nydeleg soloppgang, var det fleire som geispa høgt og lenge (deriblant eg...), og me blei vel eigentleg einige om at det var lurt å stengje klokka ti i staden for klokka tolv.

Stort sett heile gjengen "døyna", (eg og!!!), det var berre eit par stykker som fekk nokre minutt "på auga". Og eg hadde gøymt tusjane...



Kunngjering

sft:

Kunngjøring

Konsekvensutredning av CO₂-fangst på Kårstø.

Gassnova har i brev av 16. mars 2009 oversendt en konsekvensutredning for etablering av anlegg for CO₂-fangst i tilknytning til Naturkrafts gasskraftverk på Kårstø. Fagrapporter som utdyper konsekvensutredningen på enkelte områder er også vedlagt. Fangstanlegget for CO₂ vil tidligst bli satt i drift i 2011/2012.

Konsekvensutredningen med utdypende fagrapporter er lagt ut til offentlig gjennomsyn på Kundetorget i Tysvær kommunes rådhus i Aksdal og på Servicekontoret til Bokn kommune.

Dokumentene er også tilgjengelig på www.sft.no/horing og på <http://www.gassnova.no/>

SFT ber om at eventuelle kommentarer til konsekvensutredningen blir sendt skriftlig til Statens forurensningstilsyn, Postboks 8100 Dep., 0032 Oslo innen 19. mai 2009.



HÅRSMIA



Hei, Hårsmia ønsker alle velkommen til klipp på herrer, damer, barn og ungdom.

Kommer gjerne hjem til dere om det skulle være vanskelig å komme på salongen.

Skolebarn som trenger klipp må gjerne komme med bussen rett av skolen.

Herreklipp	290,-
Herre m/maskin	190,-
Dameklipp vask/føn	390,-
Dameklipp bare klipp	290,-
Barneklipp fra 0-10 år	190,-
Ungdomsklipp 10-16 år	250,-
Hodemassasje	100,-

Ring 52 74 86 47 - 46 44 29 20 eller send SMS for bestilling.

Åpent alle dager, også lørdag.

Hilsen Mona

Hjertelig takk for all deltagelse og blomsterhilsener ved vår kjære Harald Bokneberg sin bortgang.

Bjerg, Nils Ove og Harry med familier

TIL SALGS

Brodert bunadsett "Frafjord" til salgs.

Tlf. 95 02 67 11

FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN

Nå får du som kunde en dag ekstra i uka til å fixe deg på håret. Åpner også tirsdager i tillegg til onsdager, torsdager og fredager.

Tirsdager, onsdager og torsdager i oddeltallsuker er jeg fleksibel med åpningstidene.

Tlf. 52 74 85 34 - 99 32 55 34

Anita

HAGEDAG 2. MAI, SKULEN KL. 11-15

Jon Sandvik kjem med blommar

Sal av kaffimat - Barneloppemarked

Utlodding kl. 14.30 - 1. gev. Hagemøbler

Bokn hagelag

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.

Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.

Pris pr. dag kr. 100,- + moms for leige av vridbar pusseskuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Prøv ein annonse i
Bygdabladet

coop
marked

COOP MARKED BOKN

coop
marked


Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

PERSONFORSIKRING

Trygghet for deg og dine



BANK. FORSIKRING. OG DEG.

SpareBank
SR-BANK 



15 naust
med båt plass
TIL SALGS
- og utleige av
båtplasser

FØRESVIK MARINA

ny småbåthavn på Bokn

Bygg og kaianlegg AS har under prosjektering ny småbåthavn i Føresvik. Vi har for salg 15 naust med båt plass. Hvert naust har innlagt strøm, med mulighet for innlagt vann/toalett. Området har også eget parkeringsområde ved naustene. Ett av naustene har mulighet for oppdeling i mindre enheter.

Kort vei til bonkringsstasjon

Prosjektoppstart 1.april 2009 • Interesserte kan ta kontakt for mer informasjon



bygg & kaianlegg

Bygg og Kaianlegg AS • Bøneset, 4260 Torvatad • Tlf 915 79 901 • E-post olej@byggogkaianlegg.no • www.byggogkaianlegg.no

Funksjon	Namn	Tlf.	E-post
Ordfører	Kyrre Lindanger	52 75 25 03 - 91 67 17 26	kyrre.lindanger@bokn.kommune.no
Rådmann	Jan Erik Nygaard	52 75 25 01 - 98 22 15 01	jan.erik.nygaard@bokn.kommune.no
Økonomi			
Økonomisjef	Solrunn Alvestad	52 75 25 02 - 98 22 15 02	solrunn.alvestad@bokn.kommune.no
Rekneskapsansvarleg	Norunn Jordbrekk	52 75 25 07	norunn.jordbrekk@bokn.kommune.no
Skatteoppkrevjar	Lindy Haram	52 75 25 09	lindy.haram@bokn.kommune.no
IT			
IT-konsulent	Ture Kristiansen	52 75 25 20 - 99 09 53 14	ture.kristiansen@bokn.kommune.no
Servicetorg			
Servicetorgleiar	Gro Sørensen	52 75 25 10 - 98 22 15 00	gro.sorensen@bokn.kommune.no
Førstesekretær	Annette Bokneberg	52 75 25 11	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Helse, sosial, barnevern			
Seksjonssjef	Tore Bøe Olsen	52 75 25 34 - 98 22 15 03	tore.boe.olsen@bokn.kommune.no
Barnevernleiar	Tore Bøe Olsen	52 75 25 34 - 98 22 15 03	tore.boe.olsen@bokn.kommune.no
Sjukestova		52 75 25 30	
Legekontor		52 75 25 40	
Kommunelege	Dag-Helge Rønnevik	52 75 25 40	dag.helge.ronnevik@bokn.kommune.no
Sosialsjef	Reidar Alvestad	52 75 25 04 - 98 22 15 04	reidar.alvestad@bokn.kommune.no
Psykiatrisk sjukepleiar	Miriam Berland	52 75 25 36 - 40 41 05 70	miriam.berland@bokn.kommune.no
Helsesøster	Henriette S. Lindanger	52 75 25 43 - 46 93 69 65	henriette.lindanger@bokn.kommune.no
Kultur, skule, barnehage			
Seksjonssjef	Dag Halvorsen	52 75 25 50 - 90 72 80 92	dag.halvorsen@bokn.kommune.no
Rektor	Ingjerd Ellingsen	52 75 25 51 - 98 22 15 11	ingjerd.ellingsen@bokn.kommune.no
Skulekontor	Annette Bokneberg	52 75 25 69	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Kultursjef	Jardar Havikbotn	52 75 25 08 - 98 22 15 08	jardar.havikbotn@bokn.kommune.no
Barnehagestyrar	Tone Børgesen	52 75 25 70	tone.borgesen@bokn.kommune.no
Biblioteksjef	Linda Ognøy	52 75 25 45	linda.ognoy@bokn.kommune.no
Teknisk			
Seksjonssjef	Hans Faye	52 75 25 05 - 98 22 15 05	hans.faye@bokn.kommune.no
Kommuneingeniør	Unni Høivik	52 75 25 06 - 98 22 15 14	unni.hoivik@bokn.kommune.no
Post til Bokn kommune			post@bokn.kommune.no
Post til Bygdabladet for Bokn			post@bygdabladet.no

Div. tenester på Boknatun

BOKN LEGEKONTOR

Hver tirsdag og fredag samt torsdager i partallsuker.
Åpningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkelig hjelp: Bokn Legevakt:
52 74 85 22 (hele døgnet).
Dr Rønnevik er på Bokn hver dag og kan ta imot øyeblikkelig hjelp dersom behov.
Ved livstruende tilstand: 113.

Timebestilling på internett eller SMS.
Se www.bokn.no for mer info.

Listen fylles opp, men det er fortsatt ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Trenng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Malone - aktivtør

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredagar kl. 8-15.30 -
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil
46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster



NAV BOKN TRYGD

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smarter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling
tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

HEIMESIDE:

<http://sites.google.com/site/boknfotterapi/>

Rita Bokneberg - fotterapeut

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kvar måndag kl. 08-15, førebels fram til august.

Tannpleiar på Boknatun kvar onsdag fram til sommaren.

Tlf. 52 75 25 80

(Sjå elles s. 2 - red.anm.)

Kulturprisen 2009

Av ulike grunnar blei det ikkje utdelt kulturpris for 2007.

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2009.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nær-miljøet i Bokn kommune.

Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trostnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001
Inger S. Bokneberg	2003
Songtrioen	2005
(Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen, May Jorunn Vatnaland)	

Stikkord for desse personane har vore:

Bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og for-teljarevne, dikt- og prologskrivning, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, eldsjeler, musikk, omsorg, jordnær, helseførebygging, støttearbeid, spre glede, mangfold og kvalitet .

Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.

Skriv eit brev eller send ein mail til kulturkontoret (jardar.havikbotn@bokn.kommune.no) og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.

Frist: 1. juni



Div. tenester på Boknatun

Kjekt på Bokn-logoen

Anne Elisabet Askeland

Kva har arbeidsgruppa lagt til grunn for logoen? Kva ligg gøymd bak det ytre?

Dei tre hovudøyane er sentrale, men like fullt: alle øyane i Bokn. I tillegg kan ein trekkja parallellar til Boknafjellet – uten at dette er teikna inn som ein "spissformasjon". I eit kart vil høgdekotene vera av akkurat same utforming som sirklane i logoen. Med andre ord; kan ein seia at ein ser Boknafjellet ovanfrå?

Bokn som det sentrale sentrum – kan punktet i midten indikera den åpenbare strategiske plasseringa Bokn har i dag, men like viktig- har hatt?

Nore Vågholmen har vore eit handels-sentrum av dimensjonar - historia kan i så måte plasserast inn i logoen den og.

Ringane som omkransar kvarandre kan gje assosiasjonar til det å visa omsorg for kvarandre. I Bokn både ynskjer og evnar ein å ta vare på kvarandre og fokus på folkehelse er stort.

Ringar i vatn og ringvirkningar. Bokn sine tre hovudøyar like betydingsfulle og samla som "ein", innanfor ringar av samhald og bærekraft.

Sølvfarge

Tankar om store prosjekt er ikkje lenger berre tankar. Nokre av desse tankane er komne på papiret og på sikt håpar ein at ein kan invitera til storstilt opning av eksempelvis eit "Utsiktspunkt Boknafjellet".

Det ville då vore naturleg å kunne presentera logoen i ei utgåve kor det som framstår som grålig farge, vert trykt i ein sølvfarge. Denne fargen indikerer sjølvstilt den flotte historia til Bokn, både når det gjeld sølvmyntane funne på Sunnaland, men kanskje spesielt når det gjeld sildefisket.

Havets sølv; silda, har bidratt til at Bokn framleis kan framstå som ein kommune kor ein er oppteken av det som er av eksistensiell betydning: eit



godt livsgrunnlag på alle plan, gjev livskraftige kommunar.

Engasjement vert sett pris på - takk til dykk som kom med innspel!

Arbeidsgruppa presenterte for kort tid tilbake, ein "endeleg" logo. I same runden inviterte arbeidsgruppa innbyggjarar i Bokn til å koma med kommentarar til denne, slik han då blei presentert. Vi registrerte eit flott engasjement i så måte og ein har fått konkrete, konstruktive tilbakemeldingar. Som de vil sjå, har ein no gjort små justeringar: Logoen framstår utan den svarte ramma rundt.

Det er kjekt å observera engasjement; prosjektet Kjekt på Bokn skal spegla nettopp dette. Difor dristar ein seg til å håpa at andre skal få lyst til å bli betre kjende med kommunen og om mogleg; på sikt vurderer å melda flytting til nettopp Bokn.

Bakgrunnshistorie

Arbeidsgruppa Etablere arbeidsplassar/Næring, har heilt sidan oppstarten av prosjektet Kjekt på Bokn i 2006, hatt fokus på å utarbeida ein logo som skal vera prosjektet sin "overordna" logo. På denne måten ynskjer ein å bidra til at både dei som er direkte involverte i prosjektet, samt innbyggjarar i Bokn, skal kjenne att eit prosjekt i regi av Kjekt på Bokn.

Det vil og framstå som enklare å presentera og henvisa til arrangement av ulik storleik, når ein kan kobla det til eit "varemerke". Og varemerkebygging og omdømmebygging har ein heilt sentralt plass i prosjektet Kjekt på Bokn. Ein ynskjer at logoen vil kunne bidra i omdømmebygginga av kommunen som sådan.

Ein ser for seg å ta logoen i bruk eksempelvis på trykksaker, på effektar, på heimesida, i lokalpresse og om mogleg- i regional presse. I tillegg har det kome innspel til at ein bør vurdere å sette logoen på kommunens køyretøy.

